DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

*Forskings- og høgare utdanningsministeren*

Stortinget
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

| Dykkar ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| | 24/2549- | 14. juni 2024 |

## Oppfølging av svar på spørsmål til skriftleg svar nr. 1982 (2023–2024) frå stortingsrepresentant Kari-Anne Jønnes til forskings- og høgare utdanningsminister Oddmund Hoel

Eg vil takke for høvet til å svare utfyllande på spørsmålet til representanten Jønnes om saksbehandlingstid for akkrediteringssøknader til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Kunnskapsdepartement har vore i kontakt med NOKUT og eg kan nå svare på spørsmåla med data tilbake til 2018.

NOKUT opplyser at det vanlegvis ikkje var kø for akkrediteringssøknader før 2018.
Som det kjem fram av tabell 1 under, blei saksbehandlingstida for akkreditering av fagskuleutdaning redusert vesentleg, omtrent halvert, frå 2019 til 2020. Årsaka til dette var at NOKUT tok fleire grep for å forenkle prosessen for akkreditering. Samstundes som NOKUT har effektivisert prosessen for akkreditering, auka talet på søknader om akkreditering av fagskuleutdanning kraftig i 2021.

Talet på søknader om fagområdeakkreditering av fagskular har auka frå 2022 (sjå tabell 2). NOKUT jobbar med å effektivisere saksbehandlinga. NOKUT forventar å kunne redusere saksbehandlingstida for søknadene dei tok imot i 2023.

Til vanleg er det søknadsfristar for fagskuleutdanning og bachelor- og masterutdanning to gongar i året, i mars og september. Våren 2024 blei desse søknadsfristane avlyst grunna kø av ubehandla søknader og kapasitetsutfordringar i NOKUT. Søknadsfristen for fagområdeakkreditering for fagskulane er ein gong i året, i november.

Postadresse: Postboks 8119 Dep 0032 Oslo
Kontoradresse: Kirkeg. 18 Telefon* 22 24 90 90
Org no.: 872 417 842

Nedanfor følger tal for perioden 2018–2023. Saksbehandlingstida er målt frå søknaden er motteken til vedtaksdato, og sakene er fordelte etter året dei er mottekne.

**Tabell 1 Saksbehandlingstid for akkreditering av fagskuleutdanning**

| *År* | *Gjennomsnitt i veker* | *Median i veker* | *Saker* |
|---|---|---|---|
| 2018 | 20 | 21 | 67 |
| 2019 | 22 | 23 | 61 |
| 2020 | 10 | 9 | 80 |
| 2021 | 15 | 14 | 104 |
| 2022 | 47 | 45 | 106 |
| 2023* | 54 | 58 | 14 |

*Ikkje alle søknadene frå 2023 er ferdigbehandla per juni 2024. Tala er ikkje endelege.

**Tabell 2 Saksbehandlingstid for fagområdeakkreditering av fagskular**

| *År* | *Gjennomsnitt i veker* | *Median i veker* | *Saker* |
|---|---|---|---|
| 2018 | 38 | 38 | 2 |
| 2019 | 35 | 39 | 4 |
| 2020 | 40 | 46 | 7 |
| 2021 | 51 | 51 | 2 |
| 2022 | 57 | 56 | 10 |
| 2023* | 45 | 39 | 20 |

*Tala er tentative for alle søknader i 2023.

**Tabell 3 Saksbehandlingstid for bachelorstudium**

| *År* | *Gjennomsnitt i veker* | *Median i veker* | *Saker* |
|---|---|---|---|
| 2018 | 48 | 50 | 3 |
| 2019 | 20 | 15 | 5 |
| 2020 | 14 | 4 | 7 |
| 2021 | 27 | 27 | 15 |
| 2022 | 34 | 26 | 8 |
| 2023 | 44 | 39 | 4 |

**Tabell 4 Saksbehandlingstid for masterstudium**

| *År* | *Gjennomsnitt i veker* | *Median i veker* | *Saker* |
|---|---|---|---|
| 2018 | 26 | 25 | 6 |
| 2019 | 26 | 26 | 6 |
| 2020 | 28 | 23 | 15 |
| 2021 | 26 | 20 | 11 |
| 2022 | 33 | 33 | 12 |
| 2023 | 60 | 61 | 12 |

*Status saksbehandling bachelor, master, fagområdeakkreditering og fagskule pr. juni 2024*

| | *I kø* | *Under behandling* |
|---|---|---|
| Akkreditering av fagskuleutdanning | 84 | 0 |
| Fagområdeakkreditering av fagskular | 3 | 17 |
| Akkreditering av bachelorstudium | 8 | 0 |
| Akkreditering masterstudium | 5 | 7 |

Stortinget har auka kapasiteten i fagskulane gjennom midlar til nye studieplassar dei siste åra. Dette har også bidrege til auka kø i saksbehandlinga for akkreditering i NOKUT. Stortinget har etter forslag frå regjeringa i 2023 og 2024 auka budsjettet til NOKUT med totalt 4,5 millionar kroner til arbeid med mellom anna akkreditering av utdanningstilbod ved fagskulane.

Med helsing

Oddmund Hoel

*Dokumentet er godkjent elektronisk og påført statsrådens signatur*